



KVITSEID KOMMUNE

FOLKEHELSESEMELDING



2012-2022

Folkehelse:

«Befolkningens helsetilstand og hvordan helsen fordeler seg i befolkningen» (Folkehelselovens §3)

Folkehelsearbeid:

«Samfunnets innsats for å påvirke faktorer som direkte eller indirekte fremmer befolkningens helse og trivsel, forebygger psykisk og somatisk sykdom, skade eller lidelse, eller som beskytter mot helsetrusler, samt arbeid for en jevnere fordeling av faktorer som direkte eller indirekte påvirker helsen.» (Folkehelselovens §3)

WHO: «Health is a state of complete physical, mental and social well-being and not merely the absence of disease or infirmity (1948).»

«God helse har den som har evne og kapasitet til å mestre og tilpasse seg livets uunngåelige vanskeligheter og hverdagskrav.» Peter F. Hjort (lege, professor, folkehelseopplysar)

Folkehelsemeldinga er forankra i:

Health 2020 (WHO Europa vedtatt september 2012)

Folkehelseloven (2011)

Forskrift om oversikt over folkehelsen (2012)

Melding storting 20 (2006-2007) Nasjonal strategi for å utjevne sosiale forskjeller

Melding storting 19 (2014-2015) Folkehelsemeldingen – Mestring og muligheter

Regjeringens strategi for god psykisk helse – mestre hele livet (2017–2022)

Regional strategi for folkehelse i Telemark (2012-2016)

Ung Data undersøkelser

Veivisere i lokale folkehelse tiltak

Folkehelseprofil

Folkehelsebarometeret for Kviteseid

Telemarksbarometeret

Kommunehelsa statistikkbank

Handlingsplan mot vald i nære relasjonar for Kviteseid kommune

Folkehelsemeldinga er bygd på faglege metodar knytt opp mot Aron Antonovsky sin teori om salutogenese.

Salutogenese retter oppmerksomheten mot faktorer som bidrar til at vi opprettholder god helse. Salutogenese (av helse — saluto, opprinnelse eller tilblivelse — genese,) gir oss en grunnleggende beskrivelse på hvordan mestring (definert som "sense of coherence") kan skapes. (Antonovsky, 1987.), Nasjonalt kompetansesenter for psykisk helsearbeid.

Regional strategi for Folkehelse i Telemark 2012-2016 har hatt fylgjande som satsingsområde:

1. Kosthald
2. Fysisk aktivitet
3. Psykososialt oppvekstmiljø
4. Kommunalt folkehelsearbeid
5. Utredning om satsing på aktiv aldring

1. **KOSTHALD:** Gjennomførte tiltak sett i ljos av regional Handlingsplan for kosthold – 2012-2016



Bilete 1. Ein glad gjeng på kjøkenet på KOS som lagar kjempegod mat

BARNEHAGANE:

"Retningslinene for mat i barnehagen" er forankra og implementert i barnehagen sitt planverk og gjeld for alle arrangement i barnehagen sin regi. Måltid har fokus på hygge, samarbeidsvilje og hensyn, bordskikk, sunn og variert kost, smøring av egen mat, hygiene og matlaging. HEFRES vert utvikla m.a. gjennom "Fiskesprell".



Bilete 2. Matlaging i Kviteseid barnehage

BARNESKULAR OG SFO:

"Retningslinjer for skulemåltidet" er forankra og implementert i skulen sitt planverk. Det er tilrettelagt tid dagleg (minst 20 min) for måltid med matpakker som elevane har teke med. Skulen har mjølkeordning og ulik frukt til dagleg utdeling. Ved "gløymd niste", så vert det vanlegvis dela ut et enkelt måltid.

Tilsette ved SFO lagar måltida til barna. Dei er medvitne på sunne kostvanar og bakar grove rundstykke når det er høve til det. Dei har felles fødselsdagar 1 gang pr mnd for å unngå for mykje søtsaker.

Tannhelsetenesta har eige tannpusseopplegg for 4.klasse.

Skuleleiinga har vore pådrivar i å tilsette lærarar med utdanning i mat- og helsefag.

UNGDOMSSKULE:

"Retningslinjer for skulemåltidet" er forankra og implementert i skulen sitt planverk. Det er tilrettelagt tid dagleg (minst 20 min) for måltider med matpakker som elevane har teke med. Skulen har mjølkeordning og ulik frukt til dagleg utdeling. Ved "gløymd niste" så vert det vanlegvis dela ut et enkelt måltid.

Tannhelsetenesta underviser 8.kl om syreskader og skulehelsetenesta har rettleia om kosthald.

AUKA DEL AV BARN OG UNGE SOM ET "5 OM DAGEN" ELLER SOM ET FISK 2 GONGER I VEKA:

Det er ikkje arbeid for regionale leverandøravtaler som ulike aktørar kan gå inn i når det gjeld "5 om dagen" og "fisk 2 gonger i veka".

AUKA INFORMASJON OG RETTLEIING OM KOSTHALD TIL RISIKOGRUPPER.

Det har ikkje vore tilbod om "Bra mat" kurs for utsatte grupper.

Fysisk aktivitet: Gjennomførte tiltak sett i ljøs av regional Handlingsplan for fysisk aktivitet – 2012-2016

Barnehagane: Tilrettelagt (i snitt gjennom året) for minst 90 min. med fysisk aktivitet i løpet av barnehagedagen. HEFRES –tiltak (Helsefremjande skular og barnehagar). Trafikk og refleksdag.

Grunnskulen: Tilrettelagt for fysisk aktivitet minst 60 minutt i løpet av skuledagen, inkludert skulevei. HEFRES-tiltak. «Aktiv skule 365-Gjer elevene til aktivitetsleiarar!». Bygging av nærmiljøanlegg. Sykkelopplæring . Gåtur i storefri – om lag 2km.

Videregående skule: Tilretteleggje for fysisk aktivitet minst 30 minutt i løpet av skuledagen, inkludert skuleveg.

Fritida: Alle barn og unge har eit tilbod om organisert fysisk aktivitet på fritida gjennom ymse lag og foreiningar i Kviteseid kommune.



Bilete 3. Fotballskulen i Vrådal



Bilete 4. Skikarusell



Bilete 5. Multisport Morgedal

Nærmiljøet: Det er mogeleg for alle å drive fysisk aktivitet i nærmiljøet, både barn, unge, vaksne og eldre. Det er utvikla gode turvegar, sikring av frområde, opparbeiding av attraktive nærmiljøopplegg. Det er sikra god tilgang til eksisterande offentlege idretts- og aktivitetsanlegg (Kviteseidhallen) for alle generasjonar. Kommunen har halde kurs og informert nødvendige instansar om tilskuddsordningar som m.a. fremmar allmenn fysisk aktivitet og friluftsliv («Tilskuddsportalen»).



Bilete 6. Ballaktivitet i Kviteseidhallen

Gang- sykkel og turvegar: Det er utvikla sentrumsnære turvegar med universell utforming. Det er utvikla grøne korridorar frå sentrum av bygda til naturområde. Det er halden ein kontinuerleg oversikt over gang- og sykkelveggar, turvegar, stiar, skiløyper osb. i kommunen. **Me manglar å styrke tryggleiken for mjuke trafikantar langs RV 41 frå Kviteseid sentrum til Kvitsund gymnas.** Det er særst viktig å få på plass ein gang- og sykkelveg på denne risikoutsette strekninga. Det er berre flaks som har forhindra tragiske ulukker



Bilete 7. Turglede, aktivitetsvenner i Kviteseid



Bilete 8. Turvener som har kaffepause ved Ågapet



Bilete 9. Bebuarar på Lundenjordet syklar og gjeng på jobb

2. **Psykososialt oppvekstmiljø:** Gjennomførte tiltak sett i ljøs av regional Handlingsplan for psykososialt oppvekstmiljø – 2012-2016

Barnehage/helsestasjonar/grunnskulen og skulehelsetenesta:

Det er arbeid systematisk med å skapa eit inkluderande miljø som førebyggjer mobbing og krenkingar.

Det er utvikla rutiner og system for god samhandling mellom kommunale tenester med relevans for barn og unge (barnehage, skule, helsestasjon/skulehelseteneste, PPT, barnevern, rusteneste og psykisk helseteneste).

Det er auka kompetanse om barn som kan vera i risikosoner og det er mobilisert frivilljuge aktørar til fritidsaktivitetar.

Dette har skjedd m.a. gjennom ulike tiltak som:

Tverrfagleg nettverksgruppe mellom barnehagane, helsestasjonen, PPT og barnevern med faste tverrfaglege samarbeidsmøte.

Samarbeidsmøte mellom helsesystrer, psykisk helse barn & unge, jordmor, fysioterapeut og lege kvar tredje veke.


Forum for tverrfagleg førebyggjande arbeid i Kviteseid mellom representant frå: politiråd, kommunalsjefar, barnehage, skule, Kvitsund Gymnas, kulturskulen, barnevernet, einingsleiar for helse, helsesystrer, PPT, psykisk helse barn & unge, psykisk helse vaksne, kommuneoverlege og brukarrepresentant FAU.

COS-P(circle of security-parenting), Foreldrerettleiing i høve til samspel og TiBir(tidleg innsats for barn i risiko), barnehage og helsestasjon, Zippys venner.

Antimobbe prosjekt: «Vennebenk», «Skrytestol» (SFO), «Mobbeapp'ar på smarttelefonar» (1.-10.klasse) og innsats frå friviljuge organisasjonar med fokus på barn og unge i ulike former for aktivitetar

Foreldresamtale med helsesystemer om trivnad på skulen, fritid, mat og svevn (2.klasse elevar)

ART (aggression replacement training-sinnemeistring), «jentesnakk», kjærleik og grenser, undervisning om pubertet, seksualitet og ANT (alkohol, narkotika og tobakk), «Innsats for andre», Helsestasjon for ungdom, Helsesystemer med elevsamtaler for ungdom, gjennomført undersøkinga «Ung i Telemark 2015» (Mellomtrinnet og Ungdomstrinn)



Bilete 10. «Innsats for andre», ungdom hjelper eldre, Dagny på 102 år lærer å bruke data

Vidaregåande skule og skulehelseteneste:

VIP, Venn 1, sosialpedagogisk team i samarbeid med helsesystemer, prostidiakon og sosiallærar med «guttegruppe», Helsestasjon for ungdom

«På rett kjø!», avtale om rusmiddelkontroll for ungdom under 18 år. Samarbeid mellom Kviteseid lensmannskontor og helsestasjon. Samtaler og urinprøver kvar veke.

Gjennomført undersøkinga «Ung i Telemark 2015»

Fritidsarenaen:

Det er lagt til rette for at friviljuge lag og organisasjonar retta mot barn og ungdom kan nytte kommunale bygg. Friviljuge aktørar kan også presentere sine tilbod ved skolen.

3. **Kommunalt folkehelsearbeid:** Gjennomførte tiltak sett i ljøs av regional Handlingsplan for kommunalt folkehelsearbeid – 2012-2016

Kviteseid kommune har bruka året 2016 til å lukke eit avvik i samband med tilsyn frå Fylkesmannen på folkehelsearbeidet i kommunen. Det har blitt utarbeidd ei folkehelsemelding etter å ha skaffa ein oversikt over kva de ulike sektorane/avdelingane i kommunen arbeider med i høve til tema.

Dette, i kombinasjon med kunnskap om helsa til innbyggjarane, dannar utgangspunktet for arbeidet vidare. Fyrst måtte me laga eit bilete av «kor me er» for å arbeide vidare med «kor me gjeng». Målet er å få kunnskap om korleis organisere tverrsektorielt folkehelsearbeid, og utarbeide ein modell for dette, slik at det enkelt kan verte implementera i plan- og beslutningsprosessar. Dersom Kviteseid kommune utviklar tverrsektorielle arbeidsmetodar innanfor folkehelsearbeidet og ynskjer å synleggjera dette for andre kommunar, kan det søkast om stimuleringsmidlar av fylkeskommunen til etablering av pilotprosjekt.

Flyktningar:

Kviteseid kommune har i 2016 tilsett ein flyktningkoordinator, som jobbar med tilrettelegging for integrering av flyktningar i lokalsamfunnet. Det er eit positivt engasjement i bygdesamfunnet rundt dette. Kviteseid kommune har tatt i mot og busett 12 flyktningar i 2016.



Bilete 11. Ut på tur aldri sur!



Bilete 12. Leksehjelp

4. **Utredning om satsing på aktiv aldring:** Gjennomførte tiltak sett i ljøs av regional Handlingsplan for satsing på aktiv aldring – 2012-2016

Kviteseid kommune har arbeidd målretta i eldreomsorga når det gjeld «den fjerde alderen»

”A Fresh Map of Life. The Emergence of the Third Age” – P. Laslett (1989)

- «Den første alderen (oppvekst) - preget av avhengighet, sosialisering og utdanning
- Den andre alderen (arbeidsliv) - preget av selvstendighet, sosialt og familiemessig ansvar
- Den tredje alderen: arbeidsfri, god helse, god økonomi (”sprek pensjonisttilværelse”)
- **Den fjerde alderen: tiden for ny avhengighet og for kroppslig svekkelse (alderdommen i egentlig forstand)»**

Kviteseid kommune jobbar målretta med ein friviljugsentral for kunne mobilisere dei som er i den «tredje alderen» til friviljugt arbeid.

Kommunen har egne koordinatorar for kreft, kols, diabetes, sår og demens. Kommunen har også arbeidd med å førebyggje fall, psykiske lidingar og einsemd.

Det er satsa på kompetanseheving hjå helsepersonell gjennom installering av videokommunikasjon og en pågåande opparbeiding av simuleringsrom for praksis/øving i utføring av avanserte sjukepleieprosedyrer.

Det har vore fokus på:

- Aldring og helse/kva skjer i en aldrande kropp
- Ulike sjukdommar
- Rett ernæring, fysisk aktivitet og kultur som «medisin» ved Midtsundtoppen Dagsenter
- Bruk av velferdsteknologi
- Ferdigstilt demensplan

Det er opparbeidd strukturerde samarbeid med friviljug sektor.

Fastlegane er viktige samarbeidsaktørar/medspelarar.

Når det gjeld «den tredje alderen» - dei spreke pensjonistane, så har kommunen eit nært samarbeid med både «Eldrerådet» og friviljuge lag og organisasjonar. Kommunen har fått innvilga statlege midlar til friviljugsentral hausten 2016. Eit hovudsatsingsområde blir «den tredje alderen».



Bilete 13. og 14. Friviljuge på dagsenteret

Korleis organisere eit tverrsektorielt folkehelsearbeid i kommunen?

Frå 2017 – 2022 er satsingsområda fylgjande:

1. Helsefremjande oppvekst – «Liv og røre» prosjekt
2. Helsefremjande vaksenliv
3. Samfunnsutvikling for ein aktiv alderdom
4. Kunnskapsbasert og systematisk folkehelsearbeid

Vidare plan for gjennomføring/implementering av folkehelse i alle sektorar:

-Kva er opplevde utfordringar for innbyggjarane?

-Kva forårsakar sosial ulikskap i Kviteseid?

-Politikarane må bli gjort medvetne rundt temaet folkehelse.

-Tverrfagleg/tverretatleg møte med leiarane 2 gonger pr år. Rådmannen innkallar.

-Informasjon om regionale planar – nasjonale føringar, oppfylging av oppdatert folkehelseprofil for Kviteseid kommune. Folkehelsekoordinator har ansvar.

-Folkehelsekoordinator systematiserar og overleverar folkehelsedata til kommuneoverlege og rådmann i mai og november årleg.


OVERSIKT OVER HELSETILSTAND OG PÅVERKNINGSFAKTORAR

Oversikten over folkehelseutfordringane i kommunen skal inngå som grunnlag for arbeidet med kommunen sin planstrategi. Ei drøfting av desse utfordringane bør inngå i strategien. Evaluering og effekt av tiltaka er igjen utgangspunkt for ein ny oversikt. Kviteseid kommune sitt oversiktsdokument over folkehelse er inndelt i de same kapittel som forskrifta sine tema og kapittelinnendinga til veiledaren.

I fylgje forskrift om oversikt over folkehelsa skal oversikten omfatte opplysningar om og vurderingar av fylgjande tema.

- a) Befolkningssamansetning
- b) Oppvekst- og levekårsforhold
- c) Fysisk, biologisk, kjemisk og sosialt miljø
- d) Skader og ulykker
- e) Helserelatert åtferd
- f) Helsetilstand


Figur 1. Modell for samanhengen mellom påverkningsfaktorar og helsesituasjonen (frå Bamble kommune)



Figuren viser ein enkel modell for korleis desse temaa kan henge saman. Figuren skil mellom helsesituasjonen på den eine sida (helsetilstand og skader og ulykker) og påverkningsfaktorar på den andre sida (oppvekst- og levekårsforhold, fysisk, biologisk, kjemisk og sosialt miljø og helserelatert åtferd). I tillegg kjem befolkningssamansetning som utgjer grunnlaget for vurderinga av både påverkningsfaktorane og helsesituasjonen.

1. Befolkningsamansetning

Figur 2. Framskriven befolkning i Kviteseid 2020-2040.



Kjelde: Kommunehelsa

Folketalsutvikling

Ein av kommunen sine viktigaste oppgåver i tillegg til tenesteproduksjon, er å samordne sektorane si planlegging med sikte på å utvikle lokalsamfunnet. Ein grunnleggjande premiss for all langsiktig planlegging av den kommunale verksemda er utviklinga av innbyggjartalet i kommunen.

Aldersgruppe	2014	2015	2016	2017	2018	2020	2030
0-5 år	137	136	121	118	118	114	122
6-15 år	276	273	246	236	230	229	218
16-19 år	117	120	118	125	121	116	93
20-66 år	1501	1496	1488	1488	1491	1467	1352
67-79 år	296	294	312	322	321	352	446
80 eller eldre	170	175	163	158	155	162	205
SUM	2497	2494	2448	2447	2436	2440	2436

Tabell 1: Prognose folketalsutvikling

Tabellen viser SSB si framskriving av folketalsutviklinga i Kviteseid basert på *middels nasjonal vekst*. Det er verdt å merke seg at den reelle folketalsutviklinga dei siste åra har vore svakare enn føresetnadane som denne prognosemodellen byggjer på. 2016 tal fram til 2030 er henta frå en ny SSB prognose laga juni 2016. Legg merke til den markante oppgangen i 2030 for gruppa 67-80+ (særleg 80+) og tilsvarande nedgang for gruppa 20-66 år.

År	Total 1.1	Fødde	Døde	Netto	Innflytting	Utflytting	Netto Flytting	Folke- tilvekst	Total Pr 31.12.
2011	2501	23	36	-13	126	115	11	-3	2 498
2012	2498	21	27	-6	133	116	17	9	2 507
2013	2507	20	35	-15	133	157	-24	-39	2 468
2014	2468	18	28	-10	105	97	8	-2	2 466
2015	2466	15	38	-23	120	115	5	-18	2 448
2016	2448	21	31	-10	140	136	4	-6	2 442

Tabell 2: Endringer i folketal 2011 - 2016

Tabellen viser reell utvikling siste åra. Med den samansetninga av folketalet som me har med relativt mange eldre og få i den alder som får barn, vil stabilisering av folketalet vera krevjande. Me ser i tabell 2 at me stadig har hatt netto fødselsunderskot, og at det er netto innflytting som eventuelt er det som kan føre til stabilisering eller vekst i folketalet. Når ein samtidig ser aldersgruppe utvikling i tabell 1 er det tydelig at trenden mest sannsynlig forsterkast.




Bilete 15. Barnas turlag på trilletur til Nystaulvatnet i Ordal

2. Oppvekst- og levekårsforhold


Kommunen sitt arbeid med barn og unge legg premis for utviklinga for eit godt lokalsamfunn. Me vidarefører og vidareutviklar HEFRES-tiltak (helsefremjande skular og barnehagar).

Figur 3. Barn av åleineforsørgjarar i landet, Telemark og Kviteseid, prosent.




Kjelde: Kommuneheilsa

Figur 4. Del med varig uførepensjon i landet, Telemark og Kviteseid, alder 18-44 år, prosent.




Kjelde: Kommuneheilsa

Figur 5. Del elevar i 7. og 10. trinn i grunnskulen som har opplevd mobbing dei siste månadane i prosent av alle elevar som tok del i undersøkinga. Kommunen sine tal omfattar elevar som gjeng på skule i kommunen. Statistikken viser 5 års gjennomsnitt. Grunna sær få elevar i Kviteseid kommune, så er det statistiske grunnlaget tynt, og det vil difor kunne bli større variasjon. Prosent.



Kjelde: Kommunehelsa


Figur 6. Reknekunnskap 5.trinn på meistringsnivå 1. Lågaste kunnskapsnivå er 1. Prosent. Dette viser ei positiv utvikling, men ein må hugse på at det er eit tynt statistisk grunnlag for Kviteseid kommune. Prosent.



Kjelde: Kommunehelsa

Figur 7. Lesekunnskap 5.trinn på meistringsnivå 1. Lågaste kunnskapsnivå er 1. Dette viser ei positiv utvikling, men ein må hugse på at det er eit tynt statistisk grunnlag for Kviteseid kommune.

Prosent.



Kjelde: Kommunehelsa

Trivsel på skulen

På 10.trinn i Kviteseid oppgjev om lag 84% av elevane at dei trivast på skulen. Dette ligg nær landsgjennomsnittet og tala har vore stabile dei siste 5 åra.




Bilete 16. «Aktiv skule 365 – gjer elevane til aktivitetsleiarar!»

3.0 Fysisk, biologisk, kjemisk og sosialt miljø

Vatn og avlaup

Figur 8. Delen personar knytt til vassverk i 2014 med forskriftsmessig tilfredstillande analyseresultat i drikkevassforsyninga mtp. E. coli/ koliforme bakteriar og leveringsstabilitet i prosent.



Kjelde: Kommunehelsa



Bilete 17. Diplom Kviteseid vassverk

Kviteseid kommune har veldig god responstid for alternativt drikkevattn frå tankbil for å forsyne alle med drikkevattn dersom brot på røyr.

Det vert teke prøver til analyse kvar månad, og desse viser at drikkevattnet har ein høg kvalitet.

Det er også installert alarm på vassverka for å sikre at feil og manglar vert oppdaga så raskt som råd, slik at abonnentane vert så lite skadelidande som råd.



Bilete 18. Renseanlegget i Kviteseid

Renseeffekten på renseanlegget i Kviteseid er 97% og 98% i Vrådal. Kravet fra styresmaktene er 80%. Dette tyder at Kviteseid kommune har særs effektive renseanlegg som gjev små utslepp til vassdraga våre. Det er installert alarm ved alle kloakkpumper, som gjer at ein kan vera raskt på plass dersom pumpene skulle stoppe.




Bilete 19. Sundkilen i Kviteseid, Telemarksavisa

Radon

Det vert jamnleg gjort radonmålingar av drikkevotnet i Kviteseid og resultatata ligg på rundt ein tiandedel av tiltaksgrensa, m.a.o. eit trygt drikkevotn.

Innbyggjarane i Kviteseid har ved jamne mellomrom fått tilbod om radonmålingar i bustadane sine. I samband med dette vert det gjeve råd om tiltak der verdiane er over eller rundt tiltaksgrensa.



Bilete 20. Radon i vatn, grunnfjell og jord, og korleis dette kan koma inn i bygningar.
Copyright © 2016 Epping Well & Pump

Støy

Det er fokus på støy i skular og barnehagar, og det har jamnleg vore gjort støymålingar og støyreducerande tiltak. Det er og gjennomført lokale støymålingar i einskildsaker.


Det er m.a. bytta ut takplater på Kviteseid skule for å redusere ekko i klasserom og for å gjeva eit betre miljø for tunghørde elevar.



Bilete 21. Klasserom Kviteseid skule

4.0 Skader og ulykker

Figur 9. Del av lårbeinsbrot i perioden 2008-2010 til 2012-2014 per 1000 innbyggjarar.



Kjelde: Kommunehelsa


I Kviteseid kommune er det jobba mykje med fallførebyggjande tiltak i seinare år, særskilt når det gjeld fall på glatta.



Bilete 22. og 23. Strøying Midtsundtoppen, påsetting av brodder, «Innsats for andre» valfag ved Kviteseid skule


5.0 Helserelatert atferd

Figur 10. Røyking blant gravide ved fyrste svangerskapskontroll 2007 til 2015, prosent.



Kjelde: KommuneHelsa


Figur 11. Overvekt og fedme begge kjønn ved sesjon i 2011 til 2015, prosent.



Kjelde: KommuneHelsa


6.0 Helsetilstand

Figur 12. Del av innleggingar på sjukehus for hjerte-og karsjukdomar i perioden 2008-2010 til 2012-2014. Per 1000 innbyggjarar.




Kjelde: Kommunehelsa

Figur 13. Del av innbyggjarar som brukar legemiddel mot KOLS og astma i alderen 45-74 år. Per 1000 innbyggjarar.




Kjelde: Kommunehelsa

Figur 14. Brukarar av primærhelsetenesta for angstlidingar per 1000 innbyggjarar. Aldersgruppe 0-74 år og 15-29 år. Landet, Telemark, Kviteseid.




Kjelde: Kommunehelsa

Figur 15. Lækjemiddelbrukarar – kjønn samla, 0-74 år, per 1000 innbyggjarar, standardisert, 2014-2016. Landet, Telemark og Kviteseid.



Kjelde: Kommunehelsa

I Kviteeid er det eit låg forbruk av antibiotika, sjå fig. Under.



Figur 16

Kjelde: Folkehelseprofil 2017

Det er stort fokus på infeksjonsførebyggjande tiltak gjennom handvask og rutinar for reingjering i kommunale bygg. Dette må me jobbe vidare med.



Bilete 24. og 25. Gro Magnushommen på jobb i kommunehuset.

Vedlegg:

Lag og foreiningar i Kviteseid kommune
Folkehelseprofil